



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato

25.08.2016

Dykkar dato

Vår ref.

2014/7006/FMMRVIVE/310

Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Kommunereforma - samanslåing av kommunane Volda i Møre og Romsdal og Hornindal i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen vil først få gratulere Volda og Hornindal kommune med vedtak om å slå seg saman til å bli ein ny kommune frå 1. januar 2020.

Kommunane går no inn i ei ny periode, der samarbeid om bygging av den nye kommunen blir høgt prioritert. Til no har det for det meste vore politiske prosessar i kommunereforma, men no startar alt arbeidet med bygging av ein ny organisasjon – og då blir det både politiske og administrative prosessar - der dei tilsette er ein viktig ressurs i arbeidet.

Kommunane fekk eit brev frå Fylkesmannen datert 31. mars 2016 der det blei orientert om arbeidet med kommunereforma i Møre og Romsdal fram til 1. oktober. Måndag 3. oktober held Fylkesmannen pressekonferanse om tilrådinga som skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal. I brevet blei det også gjeve melding om at Fylkesmannen har avsett skjønnsmidlar til ei prosjektstilling til kvar ny kommune. **Dette gjeld skjønnsmidlar til ei prosjektstilling i 2016, 2017, 2018 og 2019.**

I tillegg vil alle kommunar som slår seg saman i reformperioden bli likt behandla når det gjeld eingongskostnader, reformstøtte og inndelingstilskotet, [jf. Kommuneproposisjonen 2015](#). Kommunane sikrast vidareføring av fullt basistilskot på 2016-nivå fram til samanslåinga gjennom ei eiga overgangsordning. Det nivået basistilskotet har i 2016 gjev grunnlaget for berekning av inndelingstilskotet som varer i 15 år - med nedtrapping over ytterlegare fem år.

Fylkesmannen vil med dette gje **Nye Hornindal og Volda kommune** skjønnsmidlar til ei prosjektstilling, pålydande **1 mill. kroner i 2016**. Det same beløpet i skjønnsmidlar vil også bli gjeve i åra fram til 2020, sjå over. Vi vil på eit seinare tidspunkt i haust kome nærmare tilbake med vilkår for desse skjønnsmidlane i eit eige brev, der vi også vil be om eit arbeidsmøte i høve til denne tildelinga. Midlane blir utbetalt til Volda kommune.

Kontaktperson: Vigdis Rotlid Vestad, mobil 99 15 85 49, e-post: fmmrvive@fylkesmannen.no

Med helsing

Lodve Solholm

Rigmor Brøste

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL